



Protokoll

**Programstyret for
Femårig integrert masterprogram i musikkterapi**

Til stades:

Medlemar:

Kjetil Hjørnevik, programstyreleiar
Lars Tuastad, programkoordinator/programstyrenestleiar
Benjamin Bjordal Ellingsen, studentrepresentant

Sekretær:

Hild C. Vang, studiekonsulent

Tid: Fredag 11.10.2024, kl. 13:15-14:00

Møte: 4/2024

Stad: Microsoft Teams

Arkivnr: 2024/3091 (ePhorte)

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent

II Protokoll frå tidlegare programstyremøte

Godkjent. Merknad: Protokoll ikkje tilsendt. Tilgjengeleg på uib.no

III Sakar:

MUTP 12/24 MUTP 12/24 Studieplanrevisjon

Forslag til revisjon godkjent.

Vedtak:

Programstyret godkjenner revisjon av studieplanen for Femårig integrert matergrad i musikkterapi, med følgende endringar:

- 1. Flytte MUTP312 frå 8./6. semester til 7./5. semester*
- 2. Flytte MUTP300 frå 7./5. semester til 8./6. semester*
- 3. Endre namn frå "Forskingslinja" til "Forskarlinja"*
- 4. Fjerne avsnitt om innpass for studentar med toårig vidareutdanning i musikkterapi*
- 5. Rette og forenkle avsnitt om krav til progresjon*

MUTP 13/24 Emnerevisjon MUTP102

Forslag til revisjon av emnet godkjent.

Vedtak:

Programstyret godkjenner endring av emneplanen for MUTP102, med følgende endringer:

- 1. Endre nemninga "høyrelære/satslære" til "musikarskap og anvend musikkteori»*
- 2. Endre nemninga seminar/kurs i "afrikansk musikk" til seminar/kurs i "rytme og perkusjon"*

MUTP 14/24 Emnerevisjon MUTP306

Forslag til revisjon av emnet godkjent med endring etter innspela frå møtet.

Vedtak:

Programstyret godkjenner endring av emneplanen for MUTP306, med følgende endring: Fjerne innføring i BMGIM som delemne og obligatorisk undervisningsaktivitet og leggje til nemninga "reseptive metodar for arbeid med musikkterapi" under mål/innhald og arbeids- og undervisningsmetodar.

MUTP 15/24 Emnerevisjon MUTP202, MUTP350 og MUTP360

Forslag til retting godkjent.

Vedtak:

Programstyret godkjenner endring av emneplanane for MUTP202, MUTP350 og MUTP360, med retting av feil i emnekodar under førehandskrav.

IV Referat og orienteringssaker

- Meldingar frå institutt – [IRGA 19.09.24](#)
- Meldingar frå Studieutvalget KMD – SU 04.09.24
- Meldingar frå fakultetet – [Fakultetsstyremøte 06.09.2024](#)
- Meldingar frå MUTP-fagutvalg og STUGA

V Eventuelt

Bergen, 14. oktober 2024

Kjetil Hjørnevik
Programstyreleder

Hild C. Vang
Sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 12/24

Sakstype: Vedtak

ePhorte saksnummer: 2024/3091

Møte: 4/24 – 11.10.2024

MUTP 12/24 Revisjon av studieplan

Bakgrunn

Den femårige programevalueringa for Femårig integrert mastergrad i musikkterapi, som låg til grunn for reakkrediteringa av programmet våren 2023, avdekkja behov for revidering av studieprogrammet. På bakgrunn av dette er det sett i gang ein revisjonsprosess, leia av ei arbeidsgruppe bestående av programstyreleiar, programkoordinator og studiekonsulent. I denne prosessen har det òg vore gjennomført fleire heildagsseminar med lærarkollegiet på musikkterapi.

I arbeidet med revideringa er det naudsynt å jobbe parallellt med mindre og større endringar. Det vil òg vere ulikt behov for kor raskt endringane vert iverksett. Våren 2024 vart to endringar vedteke med verknad frå hausten 2024: Endring av emnestrukturen, med innføring av tre valemne tredje semester (PSYK111/SANT104/MUV280), og opprettinga av eigne praksisemne. Både desse endringane vart gjort for å møte behov avdekkja gjennom evalueringa, med mål om å auke gjennomstrøyminga og gjere studieprogrammet meir fleiksibelt.

Eit anna område programevalueringa peika på er utfordringa med utsetjing av masteroppgåva (MUTP350/MUTP360). Her vert utsetjinga sett i samanheng med godkjenning av masterskisse (MUTP312) og andre eksterne godkjenningar og samtykke som må vere på plass før arbeidet med masteroppgåva kan ta til:

For 2017-kullet ser vi at bare tre av ti semesterregistrerte studenter 5. studieår fullførte masteren etter normert tid. Et viktig element her er emnet MUTP350 (Masteroppgåve i musikkterapi) hvor flere studenter søker utsettelse av frist for levering av masteroppgaven. Det er en observasjon i fagmiljøet at noen studenter blir forsinket i gjennomføringen av masterprosjektet sitt på grunn av ikke godkjent masterskisse i 8. semester (MUTP312), på grunn av lang behandlingstid hos REK (Regional etisk komité

for helseforskning) eller av andre årsaker. Generelt kan det påpekes at et stort antall av våre studenter velger å gjennomføre empirisk forskning knyttet til egenpraksis i 9-10. semester som grunnlag for sin masteroppgave, ofte med omfattende feltarbeid og datainnsamling. Dette arbeidet kan ikke starte før godkjenning av masterskisse (MUTP312), godkjenning fra NSD/Rette, evt. godkjenning fra REK, godkjenning fra praksisplass og samtykke fra evt. informanter er på plass. I sum gir disse faktorene en signifikant risiko for forsinkelser som kan føre til at studenter ikke blir ferdig med masteroppgaven innen fristen i mai 10. semester. ([Programevaluering INMUT \(uib.no\)](#) s. 7)

Til saka

I rapporten for den femårige programevalueringa, 2023, vert det foreslått å møte utfordringa knytt med utsetjinga av masteroppgåva mellom anna med å sjå på plasseringa av emnet MUTP312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode: "I revisjonen av studieplanen bør vi utrede muligheter for å flytte innføring i musikkterapeutisk forskingsmetode frem for eksempel til 7. semester slik at studentene får lenger tid til å oppnå godkjent masterskisse og å forberede eventuelt feltarbeid og datainnsamling" ([Programevaluering INMUT \(uib.no\)](#) s. 7)

Arbeidsgruppa for programrevisjon har gjort ei vurdering av forslaget utifrå heilskapen i programmet, eksisterande progresjonskrav, arbeidsbelastning for studentane og pedagogiske vurderingar, og foreslår å byte om på rekkefølgen for emna MUTP312 og MUTP300.

For normalprogresjon:

- Flytte MUTP300 / *Musikkterapi i barn og unges oppvekst* frå 7. semester til 8.
- Flytte MUTP312 / *Musikkterapeutisk forskingsmetode* frå 8. semester til 7.

For forskarlinja:

- Flytte MUTP300 / *Musikkterapi i barn og unges oppvekst* frå 5. semester til 6.
- Flytte MUTP312 / *Musikkterapeutisk forskingsmetode* frå 6. semester til 5.

Denne endringa medfører ingen konsekvensar for eksisterande progresjonskrav.

I arbeidet med revisjonen av studieplanen er det avdekka nokre andre punkt for utbetring som arbeidsgruppa ynskjer å ta med i revisjonen:

- Endre namn frå *Forskinglinja* til *Forskarlinja*. Dette er ei språkleg forbetring, som er i tråd med eksisterande praksis på programmet.
- Fjerne avsnitt om innpass for studentar med vidareutdanning i musikkterapi. Avsnittet er frå oppstarten av programmet, og er historisk retta mot studentar med utdanning frå det tidlegare musikkterapistudiet på Sandane. Avsnittet viser òg til ein progresjon med emne som per i dag ikkje er aktive. Høve til opptak direkte til masternivået basert på tidlegare utdanning er dekkja av generelle føringar for godkjenning av tidlegare utdanning i forskrift og lovverk, og trengst difor ikkje i studieplanen.

- Endre avsnitt om krav til progresjon. Avsnittet inneheld feil og manglar. Dette er foreslått retta opp og forenkla.

Forslag til vedtak

Programstyret godkjenner revisjon av studieplanen for Femårig integrert matergrad i musikkterapi, med følgende endringar:

6. Flytte MUTP312 frå 8./6. semester til 7./5. semester
7. Flytte MUTP300 frå 7./5. semester til 8./6. semester
8. Endre namn frå "Forskingslinja" til "Forskarlinja"
9. Fjerne avsnitt om innpass for studentar med toårig vidareutdanning i musikkterapi
10. Rette og forenkla avsnitt om krav til progresjon

Vedlegg/lenker:

[Studieplan for MAHF-INMUT m/ forslag til endringar](#)

[Rapport for femårig evaluering av MAHF-INMUT, 2023](#)



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 13/24

ePhorte saksnummer: 2024/3091

Sakstype: Vedtak

Møte: 4/24 – 11.10.2024

MUTP 13/24 Emnerevisjon MUTP102

Bakgrunn

Emnet MUTP102 har mange delemne og obligatoriske undervisningsaktiviteter. Nokre av disse er i overkant spesifikke og/eller ikkje heilt treffande for intensjonane med emnet.

Til saka

Foreslått endring:

- Endre nemninga "høyrelære/satslære" til "musikarskap og anvend musikkteori»
- Endre nemninga seminar/kurs i "afrikansk musikk" til seminar/kurs i "rytme og perkusjon"

Forslag til vedtak

Programstyret godkjenner endring av emneplanen for MUTP102, med følgjande endringar:

3. *Endre nemninga "høyrelære/satslære" til "musikarskap og anvend musikkteori»*
4. *Endre nemninga seminar/kurs i "afrikansk musikk" til seminar/kurs i "rytme og perkusjon"*

Vedlegg/lenker:

[Emneoversikt for reviderte emne h25 MAHF-INMUT m/ forslag til endringar](#)



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 14/24

ePhorte saksnummer: 2024/3091

Sakstype: Vedtak

Møte: 4/24 – 11.10.2024

MUTP 14/24 Emnerevisjon MUTP306

Bakgrunn

Emnet MUTP306 Musikkterapi i helsesektoren inneheld BMGIM som delemne og obligatorisk undervisningsaktivitet. BMGIM er eit smalt felt og ekstern ressurs er dyr. Kurset leia tidlegare til kvalifikasjon (BMGIM trinn 1), men gjer ikkje det lenger. Ved å ta bort den eksplisitte nemninga i emneplanen kan ein framleis inkludere det om ynskjeleg, men er ikkje bunden til det, og kan erstatte med andre former for metodisk undervisning/læring.

Til saka

Foreslått endring:

- Fjerne innføring i BMGIM som delemne og obligatorisk undervisningsaktivitet.

Forslag til vedtak

Programstyret godkjenner endring av emneplanen for MUTP306, med følgjande endring: Fjerne innføring i BMGIM som delemne og obligatorisk.

Vedlegg/lenker:

[Emneoversikt for reviderte emne h25 MAHF-INMUT m/ forslag til endringar](#)



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 15/24

ePhorte saksnummer: 2024/3091

Sakstype: Vedtak

Møte: 4/24 – 11.10.2024

MUTP 15/24 Rette progresjonskrav MUTP202, MUTP350 og MUTP360

Bakgrunn

Gjennomgang av emneporteføljen for MAHF-INMUT syner feil under avsnitt om førehandskrav for fleire av emna.

Til saka

Retting av dei avdekka feila under krav til forkunnskapar :

- MUTP202: Endre MUTP101 til MUTP100
- MUTP350/MUTP360: Fjerne utgått emne MUTP311

Forslag til vedtak

Programstyret godkjenner endring av emneplanane for MUTP202, MUTP350 og MUTP360, med retting av feil i emnekodar under førehandskrav.

Vedlegg/lenker:

[Emneoversikt for reviderte emne h25 MAHF-INMUT m/ forslag til endringar](#)